

Eksamen

03.06.2020

ISF2002 Brukar- og driftsstøtte / Bruker- og driftsstøtte

Programområde: IKT-servicefag

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Når du løyser oppgåvene, må du beskrive dei vala du tar, og grunngi dei.</p> <p>Du viser fagkompetanse ut frå kompetansemåla i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none">• Presentere og bruke fagstoff og grunngi synspunkta dine og forslaga dine til oppgåveløysing• Trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva• Gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala du gjer• Meistre relevante grunnleggande ferdigheiter• Bruke eksempel der dette er relevant• Bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og ryddig måte

Byggbra AS er eit ingeniørfirma som tar på seg større planleggingsoppdrag, som å planlegge og teikne store bygningar og store bustadfelt. Dei fleste av dei tilsette er ingeniørar og tekniske teiknarar / arkitektar. Ei lita gruppe av desse føler at dei ikkje kan rekneark godt nok og treng opplæring i dette. Dei kan det aller enklaste, som forståing av rader, kolonnar, celler og enkle formlar. Det dei ønsker å lære meir om, er blant anna enkle funksjonar, diagram og talformatering.

Oppgåve 1

Du skal arrangere og halde reknearkskurset for Byggbra AS.

Kurset skal vare i 5 timar. Ta utgangspunkt i temaønska som er beskrivne ovanfor, og i tillegg til det, kan du sjølv velje tema som du meiner burde vere med. Men det må vere realistisk for varigheita på kurset.

Du skal lage:

- a) **Ei kursbeskriving** som kan sendast til deltakarane på førehand.
- b) **Ein undervisningsplan.** Lag ein plan for kurset: Kva vil du ha med som innhald, og i kva for ei rekkefølge? Skriv omtrentleg tidsbruk for kvart tema. Kva for nokre undervisningsmetoder ønsker du å bruke, og kva hjelpemiddel ønsker du å nytte?

Oppgåve 2

a) Etter at kurset er ferdig, ønsker du å lage ei kursevaluering (vurdering). Kva er hensikta med ei slik kursevaluering?

b) Kurs er éin måte å gi opplæring på, men det finst òg andre måtar. Fortel om nokre alternativ til kurs, og drøft fordelar og ulemper med desse.

Oppgåve 3

I samband med personvern: Kan du forklare og fortelje om dette?

- a) Innsynsretten
- b) Datatilsynet

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Når du løser oppgavene, må du beskrive de valgene du tar, og gi en begrunnelse.</p> <p>Du viser din fagkompetanse ut fra kompetansemålene i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none">• Presentere og bruke fagstoff og begrunne dine synspunkter og forslag til løsning av oppgaven• Trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger• Gjøre rede for resultatet/konsekvensene av dine faglige valg• Mestres relevante grunnleggende ferdigheter• Bruke eksempler der dette er relevant• Bruke fagterminologi, hjelpemidler og vedlegg på en hensiktsmessig og ryddig måte

Byggbra AS er et ingeniørfirma som tar på seg større planleggingsoppdrag, som å planlegge og tegne store bygninger og store boligfelter. Flesteparten av de ansatte er ingeniører og tekniske tegnere / arkitekter. En liten gruppe av disse føler at de ikke kan regneark godt nok og trenger opplæring i dette. De kan det aller enkleste, som forståelse av rader, kolonner, celler og enkle formler. Det de ønsker å lære mer om, er blant annet enkle funksjoner, diagrammer og tallformatering.

Oppgave 1

Du skal arrangere og holde regnearkskurset for Byggbra AS.

Kurset skal vare i 5 timer. Ta utgangspunkt i temaønskene som er beskrevet ovenfor, og i tillegg til det, kan du selv velge temaer som du mener burde være med. Men det må være realistisk for varigheten på kurset.

Du skal lage:

- a) **En kursbeskrivelse** som kan sendes til deltakerne på forhånd.
- b) **En undervisningsplan.** Lag en plan for kurset: Hva vil du ha med som innhold, og i hvilken rekkefølge? Skriv omtrentlig tidsforbruk for hvert tema. Hvilke undervisningsmetoder ønsker du å benytte, og hvilke hjelpemidler ønsker du å benytte?

Oppgave 2

a) Etter at kurset er ferdig, ønsker du å lage en kursevaluering (vurdering). Hva er hensikten med en slik kursevaluering?

b) Kurs er én måte å gi opplæring på, men det finnes også andre måter. Fortell om noen alternativer til kurs, og drøft fordeler og ulemper med disse.

Oppgave 3

I forbindelse med personvern: Kan du forklare og fortelle om dette?

a) Innsynsretten

b) Datatilsynet



www.vigoiks.no/eksamen